



## Saksframlegg

Arkiv: 033  
Arkivsaksnr.: 2018/397  
Saksbehandlar: Paul Magne Eidhammer  
Dato: 12.11.2019

### Plan for renovering av skulebygga og etablering av ny skulestruktur

| Utval         | Møtedato   | Utvålssak |
|---------------|------------|-----------|
| Formannskapet | 25.11.2019 | 91/2019   |
| Kommunestyret |            |           |

#### Saksprotokoll i Formannskapet - 25.11.2019

##### Vedtak:

##### Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med slik innstilling:

1.  
Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) blir lagt ned frå skuleåret 2020/2021. Elevane blir flytta til Helland skule frå skulestart, skuleåret 2020/2021. Barnehagedrifta ved oppvekstsenteret held fram.
2.  
Fiksdal oppvekstsenter (skuledelen) blir lagt ned frå skuleåret 2021/2022. Elevane blir flytta til Tomrefjord skule frå skulestart, skuleåret 2021/2022. Barnehagedrifta ved oppvekstsenteret held fram.
3.  
Ungdomskulen på Helland blir renoverert og samanbygd med Helland barneskule. Ungdomsskule skal nyttast som felles ungdomsskule for heile kommunen, skal ha eigen administrasjon og såleis vere administrativt skilt frå barnetrinnet.
4.  
Helland skule skal nytte Tresfjord skule i rehabiliteringsfasen av ungdomsskule. Elevane ved Helland ungdomsskule flyttar til Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) frå skuleåret 2020/2021.
5.  
Administrasjonssjefen får fullmakt til å starte arbeidet med forprosjekt og engasjere prosjektleiar/firma til å bistå med dette. Byggeprosjektet skal gjennomførast som ei samspelentreprise.
6.  
Tomrefjord skule skal renoverast. Arbeidet kan ta til når felles ungdomsskule er etablert og elevane er overførte dit.

7.

Administrasjonssjefen skal utgreie lokale for Vestnes kulturskule i resterande bygningsmasse etter at Vestnes sjukeheim er riven. Undervisninga ved kulturskulen skal i størst mogeleg grad desentraliserast. Planar og kostnadsoverslag skal godkjennast av kommunestyret.

### **Behandling:**

Administrasjonssjefen orienterte om at alle innspel som er komne hittil er sendt ut til formannskapet til informasjon.

### **Avrøysting:**

Innstillinga til administrasjonssjefen vart vedteken mot 1 røyst, Unni Marken (Sp).

### **Administrasjonssjefen si innstilling**

1. Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) blir lagt ned frå skuleåret 2020/2021. Elevane blir flytta til Helland skule frå skulestart, skuleåret 2020/2021. Barnehagedrifta ved oppvekstsenteret held fram.
2. Fiksdal oppvekstsenter (skuledelen) blir lagt ned frå skuleåret 2021/2022. Elevane blir flytta til Tomrefjord skule frå skulestart, skuleåret 2021/2022. Barnehagedrifta ved oppvekstsenteret held fram.
3. Ungdomsskulen på Helland blir renoverert og samanbygd med Helland barneskule. Ungdomsskulen skal nyttast som felles ungdomsskule for heile kommunen, skal ha eigen administrasjon og såleis vere administrativt skilt frå barnetrinnet.
4. Helland skule skal nytte Tresfjord skule i rehabiliteringsfasen av ungdomsskulen. Elevane ved Helland ungdomsskule flyttar til Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) frå skuleåret 2020/2021.
5. Administrasjonssjefen får fullmakt til å starte arbeidet med forprosjekt og engasjere prosjektleiar/firma til å bistå med dette. Byggeprosjektet skal gjennomførast som ei samspelentreprise.
6. Tomrefjord skule skal renoverast. Arbeidet kan ta til når felles ungdomsskule er etablert og elevane er overførte dit.
7. Administrasjonssjefen skal utgreie lokale for Vestnes kulturskule i resterande bygningsmasse etter at Vestnes sjukeheim er riven. Undervisninga ved kulturskulen skal i størst mogeleg grad desentraliserast. Planar og kostnadsoverslag skal godkjennast av kommunestyret.

## SAKSUTGREIING

### 1.0 Bakgrunn:

Dei 3 siste kommunestyreperiodane har det vore skulenemnder/ad hoc-utval som har arbeidd med skuleutvikling, organisering og struktur i Vestnesskulen.

#### **Kommunestyreperioden 2007 – 2011**

Inga skulenemnd, men strukturvedtak som innebar nedlegging av ungdomsskule i Tresfjord og skiping av oppvekstsenter i Tresfjord og Fiksdal.

#### **Kommunestyreperioden 2011 – 2015**

Skulekomitè leia av Heidi Nakken (H) - sekretær/sakkunnig rådgjevar Nils Øvstedal  
I rapporten heiter det i oppsummeringa pkt 3:

*«**Helland skule** har svært liten plass..... Første byggetrinn må handle om å betre arbeidstilhøva for administrasjon og lærarar, og dermed frigjere areal til fleire grupperom i ungdomsstegbygget. Dette kan gjerast med å bygge på ungdomsskulen nordover mot barnestegbygget. Vidare er planane samanbygging av dei to bygga slik at ein mellom anna får til eit felles personalrom for alle tilsette.»*

I rapporten blir det elles rådd til å behalde dagens skulestruktur for både barneskule og ungdomsskular.

#### **Kommunestyreperiodem 2015 – 2019**

Åra 2015 og 2016:

Ad hoc utval leia av Bjørn Inge Olsen (SP) – sekretær/sakkunnig kommunalsjef Gisela S. Smith-Nilsen.

Vedtak juni 2016:

Inga endring i skulestruktur, men igangsetting av arbeid knytt til etablering av ein ny felles ungdomsskule for heile kommunen.

#### **2018 og 2019:**

Skuleutval leia av Bjørn Inge Olsen (SP) – sekretær og sakkunnig kommunalsjef Paul M. Eidhammer.

Skuleutvalet vart oppretta og fekk sitt mandat i kommunestyresak PS 9/2018.

Utvalet fekk i oppgåve å vurdere tiltak for å utbetre skulebygga i kommunen. Utgreiing av alternativ for ein felles ungdomsskule i kommunen var ei av oppgåvene til skuleutvalet. Utvalet gjorde eit omfattande kartleggingsarbeid og utarbeidde ein rapport. Skuleutvalet kom i same rapport med forslag til endring av skulestrukturen. Rapporten vart lagt fram for politisk behandling i januar 2019 i saka PS 4/2019. Utvalet sin rapport, med forslag om endringar i skulestrukturen, vart av kommunestyret sendt ut på høyring med høyringsfrist 3. mars 2019.

Høyringsuttalane og skuleutvalet sitt arbeid vart summert opp i sak PS 21/2019 og behandla i kommunestyremøtet i mars 2019.

#### **Kommunestyret gjorde følgjande vedtak**

1.

*Usikkerheit kring elevtalsutvikling i krinsane, samt ei eventuell grensejustering, gjev uvisse knytt til dimensjonering ved val av ny ungdomsskule. Dette gjer at me ikkje kan ta eit forhasta vedtak no.*

2.

*Val av løysing for felles ungdomsskule og strukturen generelt, må sjåast i lys av kva for krav*

som stillast ved den nye læreplanen som skal innførast trinnvis frå skulestart 2020. I dette arbeidet må tilsette og faglærde inkluderast før endeleg avgjersle skal takast.

3.

Det skal være uendra struktur i ein tilstrekkeleg periode for å gjere oss kjend med elevtalsutvikling og sentralt førande krav. Dagens struktur skal vere uendra i minst to år.

### **Politiske framlegg i andre saker våren 2019:**

Skulesaka kom «til overflata» att i to kommunestyremøte våren 2019.

#### **Kommunestyremøte 23.mai 2019:**

Sak om «Driftsrapport pr 1.kvartal 2019»:

AP fremma følgjande forslag:

*«Kommunestyret ber administrasjonen å halde fram med planarbeidet for felles ungdomsskule i kommunen, med bakgrunn i det arbeidet som er gjort i skulenemnda. Arbeidet må syne den økonomiske heilskapen.»*

Kommunestyret vedtok punktet samrøystes som eit oversendingsforslag.

#### **Den 20.juni i sak 54/2019 om «Inntektsrammer for 2020»:**

AP fremma følgjande forslag:

*Kommunestyret ber administrasjonen snarast muleg leggje fram sak som gir grunnlag for val av alternativ for bygging av felles ungdomsskule i kommunen.*

Framlegget fekk ikkje fleirtal.

I same sak fremma H/Frp og Krf følgjande forslag:

*Felles ungdomsskule og barneskulestruktur må sjåast i samanheng, vi vil derfor ikkje ta stilling til desse kvar for seg.*

Heller ikkje dette framlegget fekk fleirtal.

Oversendingsframlegget som var samrøystes vedteke i mai gir administrasjonssjefen mandat til å legge fram skulesak knytt til kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan for kommunestyreperioden 2020 – 2023.

Sidan saka har eit stort omfang med mange komplekse vurderingar og omfattar strukturendringar, har vi kome fram til at saka må fremmast som sjølvstendig sak, og ikkje berre som del av økonomiplanen.

Sidan skuleutvalet sin rapport vart høyrst og behandla i kommunestyremøtet så seint som i mars 2019, legg vi utvalet sin rapport og vurderingar til grunn for det vidare arbeidet. Noko statistikk er oppdatert i tekstdelen og det er i tillegg vist til elevtalsprognosar der elevane frå Vågstranda er tatt med. Saka vert sendt ut på høyring, slik at det er mogleg å kome med innspel i forkant av behandlinga i kommunestyret i desember.


## 2.0 Skuleutvalet sin rapport

Administrasjonssjefen viser vidare til hovudkonklusjonane i skuleutvalet sin rapport.

Skuleutvalet la i rapporten sin vekt på fire forhold, som utvalet meinte var viktig å ha med i vurderinga av ein ny skulestruktur:

- Elevantals- og befolkningsutviklinga
- Rekruttering/kompetanse
- Sårbarheit/kvalitet
- Økonomiske konsekvensar som følgje av nedgangen i elevtalet og endringar i befolkningsamansetjinga

## 2.1 Elevantals- og befolkningsutvikling



Elevtalet i skulane i Vestnes har gått mykje ned sidan år 2000. Dei siste 20 åra har elevtalet gått ned med fleire hundre elevar. Elevtalet i dei kommunale skulane var i 2017 på 698 elevar.

Skuleåret 2018-2019 fekk vi eit stort årskull inn i grunnskulen. Dette samtidig med at det er store kull på veg ut av grunnskulen har elevtalet har vore stabilt dei siste 3 åra, med berre små justeringar. I 2018 og 2019 var elevtalet 696 og 690.

| Årstal             | Byrjar i skulen<br>Haust 1.årssteg | Avgangselevar<br>Vår 10.kl | Endring<br>Totalt alle skular | Elevtal haust<br>Totalt elevtal |
|--------------------|------------------------------------|----------------------------|-------------------------------|---------------------------------|
| 2019               |                                    |                            |                               | 758                             |
| 2020               | 67                                 | 85                         | -18                           | 740                             |
| 2021               | 68                                 | 82                         | -14                           | 726                             |
| 2022               | 68                                 | 82                         | -14                           | 712                             |
| 2023               | 48                                 | 77                         | -29                           | 683                             |
| 2024               | 54                                 | 86                         | -32                           | 651                             |
| <b>Sum endring</b> |                                    |                            | <b>-107</b>                   |                                 |

Elevtalet i skulane i Vestnes vil gå ytterlegare ned i åra som kjem. Store elevkull på mellom 80-90 elevar går ut og langt mindre årskull kjem inn i skulen. Dei siste to åra har det vore særst låge fødselstal, heilt ned mot 50 barn. Prognosane frå helsestasjonen for 2019 er eit

fødselstal på mellom 60-65 barn. Det er ei korrigering i forhold til dei særst låge fødselstala dei siste par åra, men likevel langt frå det talet på barn i årskulla som no går ut av grunnskulen. (Elevane frå Vågstranda er ikkje rekna med i tabellen ovanfor.)

Som følgje av grensejusteringa mot Rauma blir Vågstranda ein del av Vestnes kommune. Det vil gi kommunen ei auke i elevtalet, men utviklinga på Vågstranda er lik fleire av krinsane i Vestnes. Talet på barnefødselar har gått mykje tilbake. Dei siste 5 åra er det fødd berre 12 barn på Vågstranda. Elevane frå Vågstranda vil ikkje kompensere for elevantalsreduksjonen i kommunen framover.

## Barn/unge i alderen 1-16 år fordelt på krinsane

| Årsteg 19/20                 |                | total       | 1 år      | 2 år      | 3 år      | 4 år      | 5 år      | 6 år      | 7 år      | 8 år      | 9 år      | 10 år     | 11 år     | 12 år     | 13 år     | 14 år     | 15 år     | 16 år     | VGS |
|------------------------------|----------------|-------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----|
| skolekrets                   | skolekretsnavn |             |           |           |           |           |           |           |           |           |           |           |           |           |           |           |           |           |     |
| 0001                         | Vike           | 75          | 2         | 5         | 6         | 2         | 5         | 5         | 3         | 4         | 1         | 4         | 3         | 8         | 12        | 3         | 7         | 5         |     |
| 0002                         | Daugstad       | 42          | 0         | 4         | 3         | 1         | 2         | 1         | 5         | 2         | 4         | 2         | 4         | 2         | 4         | 1         | 6         | 1         |     |
| 0003                         | Tresfjord      | 80          | 8         | 3         | 9         | 7         | 9         | 4         | 4         | 3         | 4         | 6         | 2         | 3         | 3         | 9         | 3         | 3         |     |
| 0004                         | Skorgen        | 39          | 3         | 2         | 2         | 4         | 1         | 1         | 4         | 1         | 3         | 1         | 5         | 4         | 1         | 1         | 3         | 3         |     |
| 0005                         | Helland        | 506         | 24        | 22        | 25        | 29        | 34        | 24        | 47        | 28        | 36        | 38        | 33        | 29        | 35        | 43        | 36        | 23        |     |
|                              | Vågstranda     | 74          | 3         | 3         | 1         | 4         | 1         | 2         | 4         | 7         | 1         | 9         | 8         | 5         | 0*        | 0*        | 0*        | 9         |     |
| 0006                         | Øverås         | 75          | 3         | 3         | 4         | 4         | 3         | 7         | 2         | 7         | 8         | 6         | 9         | 3         | 3         | 7         | 2         | 4         |     |
| 0007                         | Tomrefjord     | 220         | 10        | 7         | 12        | 14        | 12        | 11        | 9         | 8         | 11        | 17        | 20        | 19        | 20        | 14        | 20        | 16        |     |
| 0008                         | Fiksdal        | 74          | 3         | 2         | 7         | 6         | 1         | 5         | 4         | 2         | 3         | 6         | 5         | 8         | 4         | 2         | 6         | 10        |     |
| 0009                         | Rekdal         | 20          | 1         | 0         | 0         | 1         | 0         | 1         | 1         | 3         | 0         | 0         | 5         | 1         | 0         | 2         | 2         | 3         |     |
| <b>TOTAL inkl Vågstranda</b> |                | <b>1133</b> | <b>57</b> | <b>51</b> | <b>69</b> | <b>72</b> | <b>68</b> | <b>61</b> | <b>83</b> | <b>65</b> | <b>71</b> | <b>89</b> | <b>94</b> | <b>82</b> | <b>82</b> | <b>82</b> | <b>85</b> | <b>77</b> |     |


\* Elever i desse årskulla får gå ferdig grunnskulen på u-steget ved Måndalen skole. Kjelde: Folkeregisteret

| Skuleår | 19/20      | 19/20   | 19/20     | 20/21      | 20/21   | 20/21     | 20/21           | 20/21         | 20/21         | 20/21                |
|---------|------------|---------|-----------|------------|---------|-----------|-----------------|---------------|---------------|----------------------|
| Årsteg  | Vågstranda | Helland | Tresfjord | Vågstranda | Helland | Tresfjord | Klassar Helland | Samla Elevtal | Samla Klassar | Samla Elevtal pr. kl |
| 1.      | 1          | 26      | 6         | 1          | 35      | 8         | 2               | 44            | 2             | 22                   |
| 2.      | 3          | 47      | 4         | 1          | 26      | 6         | 1               | 33            | 2             | 16,5                 |
| 3.      | 5          | 27      | 1         | 3          | 47      | 4         | 2               | 54            | 2             | 27                   |
| 4.      | 1          | 37      | 4         | 5          | 27      | 1         | 1               | 33            | 2             | 16,5                 |
| 5.      | 8          | 35      | 2         | 1          | 37      | 4         | 2               | 42            | 2             | 21                   |
| 6.      | 5          | 38      | 2         | 8          | 35      | 2         | 2               | 45            | 2             | 22,5                 |
| 7.      | 5          | 33      | 0         | 5          | 38      | 2         | 2               | 45            | 2             | 22,5                 |
| 8.      | 4          | 55      |           | 5          | 43      |           | 2               | 48            | 2             | 24                   |
| 9.      | 8          | 57      |           | 4          | 55      |           | 2               | 55            | 2             | 27,5                 |
| 10.     | 5          | 58      |           | 8          | 57      |           | 2               | 57            | 2             | 28,5                 |
|         | 45         | 413     | 19        | 41         | 400     | 27        | 18              | 456           | 20            |                      |

Tabellen viser elevtalet ved Helland skule, skuleåret 2020-2021, fordelt på det einkilde årssteget. Tabellen viser elevtalet inkludert elevane frå Vågstranda og Tresfjord.

Elevane frå Vågstranda som allereie har byrja på ungdomssteget ved

Måndalen skole får gå ut grunnskulen der. Desse to årstega er merkt med raudt i tabellen.



Talet på personar over 67 år har auka mykje dei siste 30 åra. Dette er ei utvikling som vil forsterke seg dei neste tiåra i følgje SSB sine framskrivingar.

Endringane i befolknings-samansetjinga vil ha konsekvensar for kommune sin tenesteproduksjon i åra som kjem.

## 2.2 Rekruttering

Det har dei siste åra vore vanskeleg å rekruttere lærarar med godkjent utdanning. Det er stor konkurranse om undervisningspersonellet frå omliggande kommunar og fylkeskommunen. Distriktskommunane ser ut til å tape kampen om kompetansen til bykommunane i eige fylke og til dei store byane nasjonalt. Lærarnorma som vart innført i 2018, vil truleg føre til ei ytterlegare sentralisering, då det er dei store byane som har fått tilført mange nye årsverk. Berre for nokre få år sidan hadde nærare 100 % av lærarane i Vestnes godkjent utdanning, mot 88 % no.

Ei endring av skulestrukturen som fører til ein reduksjon i talet på skular, gjer at kommunen kan utnytte undervisningspersonalet meir effektivt. Det er då mogleg å få ned talet på ufaglærte lærarar i Vestnes.

## **Kompetanse**

Det er innført kompetansekrav i faga engelsk, norsk og matematikk. Ein lærar som arbeider i barnesteget må ha ei halvårseining i desse faga, medan lærarar i ungdomssteget må ha ei heilårseining. I tillegg til dette ser vi at lærarutdanninga er langt meir spissa enn tidlegare. Det vil seie at lærarstudentane fordjupar seg i færre fag. Dette er gode reformar for å styrke lærarane si kompetanse, noko som er viktig for den einskilde lærar si yrkesutøving. For små og mellomstore skular er likevel denne spesialiseringa og krava til kompetanse krevjande. Med få tilsette er det vanskeleg å sikre tilstrekkeleg kompetanse i alle fag.

### **2.3 Sårbarheit/kvalitet**

Små skular er sårbare for endringar i personalet som følgje av permisjonar og sjukdom. Skuledrifta er særst avhengig av einskild personar og at dei er friske og i arbeid. Det ligg eit stort ansvar på einingsleiarane og skuledrifta er avhengig av dei er til stades. Det kan som det er vist til tidlegare i saksutgreiinga vere vanskeleg å støtte kompetansekrava i alle fag, ved skular med få tilsette. I skular som har 3-5 stillingsheimlar er det krevjande å ha relevant kompetanse i alle fag.

Fleire vil meine at skular med 30-40 elevar er små miljø, der det for einskildelevar kan vere vanskeleg å finne likesinna med same interesser. Det kan då vere vanskeleg å danne gode og varige sosiale relasjonar. Det er sjølvstøtt subjektive opplevingar knytt til dette. For elevar som opplever at dei har fleire vener og det sosiale fungerer godt, kan eit lite miljø opplevast som trygt og ei god ramme for skulekvardagen.

### **2.4 Økonomiske konsekvensar som følgje av nedgangen i elevtalet og endringa i befolkningssamansetjinga**

Rammeoverføringane frå staten til kommunane vert utrekna etter eit sett med mange ulike kriterium. Talet på innbyggjarar er det viktigaste kriteriet og betyr mest for størrelsen på rammeoverføringane.

Vi får mest overføring for barn under 15 år og innbyggjarar i dei eldste aldersgruppene.

Med nedgangen i barnetalet, som er vist til tidlegare i saksframlegget, vil rammeoverføringane om 5 år verte ytterlegare reduserte med over 6,0 mill. kr pr. år.

## **3.0 Skulebygga – status**

### **4.1 Ungdomsskulebygget på Helland**

Ungdomsskulen på Helland vart tatt i bruk i 1972. Fasaden vart renovera ved tusenårsskifte, men lite har vore gjort elles ved bygget. Det er behov for å pusse opp alle innvendige overflater i bygget.

## **4.2 Ungdomskule/mellomstegsbygget i Tomrefjord**

Bygget som elevane ved ungdomsskulen og mellomsteget har si undervisning er den eldste delen av skulen. Det har vore gjort noko oppgradering i bygget. Vindauge, elevtoalett og gang/trappeoppgangen på mellomsteget er pussa opp. Det er behov for å pusse opp alle innvendige overflater i bygget.

## **4.3 Barneskulebygga i Tomrefjord**

Barneskulebygget (1.-4. årssteg) i Tomrefjord syner seg som eit tenleg bygg, som det ikkje er naudsynt å gjere store endringar og oppgraderingar på, dei næraste åra.

## **4.4 Barneskulebygget ved Helland skule**

Barneskulebygget på Helland er i langt betre forfatning enn kva som er tilfelle for ungdomsskulebygget. Det vart innflytta i 1998 og er framleis i bra stand. Bygget har nokre manglar. Det er ikkje høveleg pauserom for lærarar og assistentar i dette bygget. Det er òg meldt om at det er få møte- og grupperom i bygget.

## **3.5 Tresfjord oppvekstsenter**

Tresfjord oppvekstsenter treng ingen utbetringar for å nyttast vidare som skule. Det bygget har lite synleg slitasje og kan nyttast i mange år til, utan behov for store oppgraderingar.

## **3.6 Fiksdal oppvekstsenter**

Fiksdal oppvekstsenter er det skulebygget i kommunen som er i dårlegast forfatning. Norconsult vart leigd inn for å gjere ei tilleggsutgreiing av renoveringsbehovet ved oppvekstsenteret. Denne tilleggsutgreiinga vart presentert i PS 21/2019, som vart behandla i kommunestyret i mars 2019. Norconsult skisserte omfattande tiltak for å oppgradera skuleanlegget for vidare drift.

Norconsult meinte at det eldste bygget, som vart bygd i 1952, bør rivast. Det må då byggast eit nytt tilbygg på 120 kvm som skal innehalde kjøkken, toalett for elevane og eit inngangsparti med heis. I bygget som vart etablert tidleg på 1970-talet må alle innvendige flater rustast opp. I tillegg må ytterveggen/fasaden renoverast og etterisolerast. Dette inneber òg skifte av vindauga, som er frå byggjeåret. Taket er eit stålplatetak som no har nådd si levetid, Norconsult meiner taket må skiftast ut. Skulen har i dag ikkje eit ventilasjonsanlegg som fungerer. Dette må bytast ut om ein vel å ruste opp skulen. Elektroinstallasjonane er frå byggjeåret og mykje av dette er anbefalt skifta ut.

Tabellen nedanfor er henta frå Norconsult sin rapport. Den viser ei oversikt over kostnadane med desse tiltaka:



| Investeringer               | Dimensjonerende<br>elevtal jf.<br>prognose | Type tiltak (m2) |        | Anslått investeringskostnad (NOK) |                 |                          |
|-----------------------------|--|------------------|--------|-----------------------------------|-----------------|--------------------------|
|                             |  | Renovering       | Nybygg | Renovering                        | Nybygg          | Investerings-<br>kostnad |
| Renovering av bygg fra 1975 | 40   | 1 200            |        | 30,1 mill                         | -               | 30,1 mill                |
| Nytt tilbygg                |  |                  | 120    | -                                 | 5,7 mill        | 5,7 mill                 |
| Riving av bygg fra 1952     |  |                  |        | -                                 | -               | 2,3 mill                 |
| <b>Sum</b>                  |  |                  |        | <b>30,1 mill</b>                  | <b>5,7 mill</b> | <b>38,1 mill</b>         |

Samla kostnader for å ruste opp skuledelen for framtida er berekna til 38,1 millionar u/mva.

### 3.7 Kulturskulen

Kulturskulebygget er av særst dårleg forfatning. Bygget er eit gammalt avdelingsbygg som vart ført opp til bruk i PU-omsorga. Det er ikkje på nokon måte tilpassa krava til eit kulturskulebygg med tanke på romløyising og lydisolering.

### 3.8 Tiltak dei komande to skuleåra

Administrasjonssjefen meiner at det er tilhøva ved ungdomssteget ved Helland skule og ved Vestnes kulturskule som er mest prekær. Desse forholda er kommentert i ein eigen del i Kommuneplanen sin handlingsdel med skisse til økonomiplan 2020-2023. Kommuneplanen vart behandla i sak PS 113/2019 i det ordinære kommunestyremøtet i oktober 2019.

**Utfordringane ved ungdomssteget på Helland og ved Kulturskulen vart presentert som følgjer i Kommuneplanen sin handlingsdel 2020-2023:**

#### **«Helland Ungdomsskule:**

*Leiinga ved Helland ungdomsskule har teke skriftleg kontakt med administrasjonssjefen. Dei er bekymra over læringsmiljøet med 170 elevar fordelt på 6 klasserom der berre eitt av romma er dimensjonert til grupper av denne storleiken. Kommuneleiinga inviterte skuleleiinga til møte.*

*Alle tre årsstega i ungdomsskulen har no store elevgrupper. Klasseromma ved skulen er ikkje tilpassa så store grupper. Som følgje av det store elevtalet blir det trongt på klasseromma og inneklimate er dårleg. Ventilasjonsanlegget er ikkje dimensjonert for å ta hand om ein slik situasjon.*

*Skuleleiinga ved Helland skule meiner at alle tre årsstega burde vore 3-delt sidan klasseromma er så små. Det er ikkje nok rom på skulen til dette i dag. Skuleleiinga føreslår at det må leigast inn eit modulbygg med tre klasserom for å gjennomføre ein forsvarleg skulekvardag. Berre leiga av modulbygget vil kome på ein plass mellom 1-1,5 millionar per år. I tillegg kjem utgiftene med å 3-dele gruppene.*

*Som følgje av dei vanskelege tilhøva ved ungdomssteget ved Helland skule, rår administrasjonssjefen kommunestyret til å avgjere om ein allereie frå skuleåret 2020/2021 skal flytte ungdomsskulen på Helland til Tresfjord oppvekstsenter. Ungdomsskuleelevane vil då vere der medan ein planlegg og renoverer/byggjer ein*

felles ungdomsskule for kommunen. Å flytte elevane til Tresfjord vil auke skyssutgiftene med i overkant av 800 000,- kr i året, men vi sparer då leige av seksjonsbygg.

Det er viktig at vi kjem vidare med planane om å ruste opp skulebygga i kommunen. I den forbindelse må det takast avgjerd på val av alternativ for felles ungdomsskule. To alternativ er utgreidde. Det er utarbeidd eit konseptstudium for ein ny felles ungdomsskule på tomta ovanfor idrettshallen på Helland. Skuleutvalet fekk i tillegg til dette utgreidd eit alternativ der ein renoverer ungdomsskulen på Helland og byggjer denne saman med barneskulebygget. Dette er eit alternativ som òg vil gjere det mogleg å ivareta mangelfulle forhold ved barneskuledelen på Helland. Det må vidare leggjast planar for å ruste opp Tomrefjord skule og ikkje minst finne alternative og gode lokale for Kulturskulen.

Det er tilhøva ved ungdomsskulen på Helland og på Kulturskulen som er mest prekær.

### **Kulturskulen i Vestnes**

Kulturskulen er lokalisert i eit gammalt avdelingsbygg som tidlegare hørte til «Hellandheimen». Dette er eit bygg som ikkje er eigna som lokale til ein kulturskule. Det som gjer situasjonen ekstra vanskeleg er bygget sin tekniske stand. Administrasjonssjefen har på nytt fått melding frå verneombodet om dei bygningsmessige forholda. Verneombodet vurderer til ei kvar tid om det er forhold som gjer at bygget må stengast. Vi har også motteke ein rapport frå vår bedriftshelseteneste, MEDI3. I rapporten heiter det:

«Befaring og tidlige rapportar viser at arbeidslokalene ikke er egnet til musikkundervisning. Mangelfull belysning, høye støynivåer, manglende lydisolering og dårlig ventilasjon er faktorer som kan gi helseplager hos arbeidstaker.»

Administrasjonssjefen meiner det er viktig å sjå på tiltak for kulturskulen inntil nye og eigna lokale kan etablerast. Dersom ungdomsskuleelevane blir flytta til Tresfjord, er det ei mogleg løysing at kulturskulen nyttar 2. etasje i ungdomsskulebygget på Helland inntil vidare. Det må då parallelt planleggast nye lokale for kulturskulen samtidig med at ein planlegg renovering og utbygging av lokale til felles ungdomsskule. Kulturskulen sjølv ønskjer seg lokale i den bygningsmassen som vil stå att av sjukeheimen. Kultureininga vil gjerne etablere seg i sentrum og ser synergjar ved å samle biblioteket og Kulturskulen i same området. Det bør gjerast analyser som viser om bygget kan brukast til dette føremålet. Det må også gjennomførast kostnadsanalyser som viser kva ei opprusting av «restane» av sjukeheimen vil koste. Vi må unngå store og uventa kostnadsoverskridingar.»

Administrasjonssjefen har i november 2019 sett ned ei gruppe i administrasjonen som skal sjå på alternativet med å nytte restarealet som står igjen av Sjukeheimen til kulturskule. Det vil då bli nytta naudsynt konsulenthjelp for å utvikle gode analysar både i forhold til det byggtekniske og kostnadsberekningar på dei tiltaka som må utførast.

Dersom ein flyttar ungdomsstegselevane ved Helland skule til Tresfjord oppvekstsenter komande skuleår, vil barnesteget kunne nytte areal i 1. etasjen i ungdomsskulebygget, medan det blir lagt planar for ei ombygging/renoveringa av bygget.

## 4.0 To alternativ for felles ungdomsskule

### 4.1 Ekstern ungdomsskule

Administrasjonssjefen viser til skuleutvalet sin rapport der dei to alternativa til felles ungdomsskule er utgreidd.

Hausten 2017 vart det gjennomført eit konseptstudie for bygging av ein ny felles ungdomsskule for kommunen. Norconsult fekk oppdraget med å gjennomføre konseptstudiet og skrive rapport. Rapporten vart presentert i eit ope møte med kommunestyre til stades. Kommunestyret hadde i sak PS 109/2016 gjort vedtak om tomteval. Det vart gjort vedtak om at skulen skulle byggjast på grusbana ovanfor Vestnes idrettshall.

Norconsult la fram ein rapport med 3 alternative «skisser» til ungdomsskule. Det var ulike alternativ til formidlingssal som i hovudsak var skilnaden på desse alternativa.

Oversikta nedanfor viser dei 3 alternativa med Norconsult sitt kostnadsestimat.

| Investeringer og kostnader   |  |   | Type tiltak (m2)              |        | Anslått investeringskostnad (NOK) |          |                     | Kapitalkostnad pr år (NOK) |
|--|--|---|-------------------------------|--------|-----------------------------------|----------|---------------------|----------------------------|
| Konseptstudie Vestnes ungdomsskule   | Dimensjoner ende elevtall jf. prognose | Arealbehov iht RFP (m <sup>2</sup> BTA) | Uteareal og trafikk-løsninger | Nybygg | Uteareal og trafikk-løsninger     | Nybygg   | Investeringskostnad |                            |
| Alt 1. Uten formidlingssal og scene  | 250                                    | 3 350                                   |                               | 3 350  | -                                 | 127 mill | 127 mill            | 5,2 mill                   |
| Alt 2. Formidlingssal tilknyttet kantine for sambruk mellom skole og kulturskole         | 250                                    | 3 547                                   |                               | 3 547  | -                                 | 135 mill | 135 mill            | 5,5 mill                   |
| Alt 3. Separat formidlingssal til sambruk mellom ungdomsskole, barneskole og kulturskole | 250                                    | 3 749                                   |                               | 3 749  | -                                 | 142 mill | 142 mill            | 5,8 mill                   |
| Uteareal inkl ny trafikk-løsninger   |  |   |                               |        | 40 mill                           | -        | 40 mill             | 1,6 mill                   |

### 4.2 Bruk av eksisterande bygg ved Helland skule

«Skuleutvalet har bestilt ei tilleggsutgreiing frå Norconsult knytt til bruk av eksisterande ungdomsskule på Helland, til felles ungdomsskule for kommunen. Det gamle ungdomsskulebygget på Helland er ikkje stort nok for ein felles ungdomsskule. Det er derfor naudsynt å byggje på skulen, for å få tilstrekkeleg med areal. Det er brukt same elevgrunnlag i dimensjoneringa av denne løysinga for felles ungdomsskule, som i konseptstudiet for nybygg. Det naudsynte tilleggsarealet er tenkt løyst ved å byggje eit mellombygg som knyt dei to eksisterande bygga ved Helland skule saman. Dette bygget vil vere på 1200 kvm og innehalde blant anna ei stor elevkantine, nytt kjøkken i tilknytning til kantina, elevteneste og eit personalrom for tilsette. Det er ikkje tilfredsstillande personalrom på barneskulen i dag. Det gamle ungdomsskulebygget blir bygd om og undervisningsareala blir organiserte i trinnareal. Det blir etablert elevgarderobar, noko som ikkje er i ungdomsskulebygget i dag.

Det er skissert to alternativ for oppussing av ungdomsskulebygget. I det rimelegaste alternativet er det ikkje lagt inn oppgradering av fasaden. Fasaden vart rehabilitert i år 2000 og taket nokre år seinare. Ungdomsskulebygget har såleis ein restlevetid på om lag 15 år før fasaden og vindauge må bytast ut. I det dyraste alternativet er det lagt inn ei fullrenovering av fasaden.

Det er planlagt at bassengbygget blir rive, noko som gir høve til å etablere ein ny fasade på barneskulebygget og moglegheit til å nytte garderobearealet innanfor bassenget. Nedanfor finn de ei oversikt som viser ein kostnads kalkyle for dei ulike alternativa.

| Investeringar                                     | Type tiltak (m2)                     |           |           | Anslått investeringskostnad (NOK) |           |           |           |                     |
|---|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------------------------------|-----------|-----------|-----------|---------------------|
|   | Dimensjonerende elevtal jf. prognose | Oppussing | Ombygging | Nybygg                            | Oppussing | Ombygging | Nybygg    | Investeringskostnad |
| Ny USK - Alt 2. Formidlingssal tilknyttet kantine | 250                                  |           |           | 3 547                             | -         | -         | 135 mill  | 135 mill            |
| Ombygging/tilbygg USK+BSK alternativ 1            | 450                                  | 2 000     | 720       | 1 220                             | 36,5 mill | 10,7 mill | 45,5 mill | 92,7 mill           |
| Ombygging/tilbygg USK+BSK alternativ 2            | 450                                  | 2 000     | 720       | 1 220                             | 49,6 mill | 20,9 mill | 45,5 mill | 116,0 mill          |
| Riving av svømmehall                              |                                      |           |           |                                   | -         | -         | -         | 8,2 mill            |
| Flytting av trafo                                 |                                      |           |           |                                   | -         | -         | -         | 1,8 mill            |

I denne tabellen har Norconsult samanlikna pris for eit nybygg, mot ulike alternativ for bruk av den eksisterande ungdomsskulen på Helland. I det rimelegaste alternativet er investeringskostnadene 92,7 millionar kr. Etablering av ein ny skule er kostnadsberekna til 135

millionar kroner. I etableringa av ein ny skule er det viktig å ta høgde for dei store kostnadene som er skisserte, for å etablere eit nytt uteområde og ei ny trafikkløysing ovanfor det gamle ungdomsskulebygget. Skuleutvalet ser føre seg eit langt mindre omfattande arbeid med uteområdet om ein vel å bruke eksisterande bygg til felles ungdomsskule. Uteområdet kan i stor grad nyttast som det er. Utvalet meiner at det er naudsynt å utbetre busshaldeplassen nedanfor skulen, men vi snakkar då om langt mindre omfattande tiltak enn kva som er naudsynt ved eit nybygg.

Løysinga ved bruk av eksisterande bygningsmasse gir moglegheita til å utbetre forhold ved barneskulebygget. Dette er utbetringar som ikkje vil bli løyst dersom ein byggjer ein ny ungdomsskule. Desse utbetringane hadde då kome som eit tillegg til kostnadene med å etablere eit nybygg ovanfor idrettshallen.»

## 5.0 Framlegg frå skuleutvalet med økonomiske konsekvensar

**Administrasjonssjefen viser til sak PS 21/2019 som vart behandla i kommunestyret i mars 2019. Økonomiske analysar knytt til dei to alternative innstillingane frå skuleutvalet vart gjort greie for i saka.**

«Administrasjonssjefen viser til KST 4/2019 pkt. 3, der administrasjonssjefen vart beden om å sjå nærare på drifts- og investeringskostnadene, knytt til dei ulike alternativa til struktur som skuleutvalet har skissert.

«3. Kommunestyret ber skuleutvalet kome med si endelege tilråding etter avslutta høyring; dvs. i kommunestyret sitt møte i mars 2019. Før skuleutvalet si endelege tilråding må administrasjonen utgreie relevante drifts- og investeringskostnader i saka som takast med i totalvurderinga.»

Administrasjonssjefen har tatt utgangspunkt i fleirtals- og mindretalsinnstillinga i skuleutvalet og har gjort ein analyse av drifts- og investeringskostnadene med desse to alternativa.

### 5.1 Fleirtalet i skuleutvalet si innstilling:

Alternativ 3 til ny skulestruktur:

- *Det blir ny felles ungdomsskule på Helland.*
- *Ungdomsskule- og barneskulebygget på Helland byggjast saman og ungdomsskulebygget renoverast. Det vert 2 ulike administrasjonar.*
- *Fiksdal oppvekstsenter (skuledelen) vert lagt ned og elevane vert flytta til Tomrefjord skule. Oppvekstsenteret nyttast av elevane ved Tomrefjord skule når skulen vert renover.*
- *Nødvendige delar av Tomrefjord skule renoverast.*
- *Tresfjord oppvekstsenter (skuledelen) vert lagt ned og elevane vert flytta til Helland skule. Lokala nyttast av ungdomsskuleelevane på Helland når skulen vert renover.*

- Kulturskulen beheld foreløpig lokala sine, men det er ønskeleg med flytting til andre eksisterande lokale i sentrum. Dette kan vere ledige delar av Vestnes sjukeheim etter at Stella Maris er realisert.
- Det blir framleis barnehage i lokala til Tresfjord oppvekstsenter, resterande delar av bygget nyttast til fleirbrukshus, utleie og konferanse.
- Salane i Tresfjord oppvekstsenter og Fiksdal oppvekstsenter skal kunne nyttast av innbyggjarane i Vestnes.
- Elevane sine sosiale og faglege arenaer og lærarane sin kompetanse og deira arbeidsmiljø, må ha avgjerande betydning.

Det er i tabellen nedanfor skissert dei tiltaka som er naudsynte å gjennomføre som følge av fleirtalet i skuleutvalet si innstilling:

| Alt. 3 - Fleirtalsinnstillinga                          | Kostnad      |
|---|--------------|
| Tiltak  | i mill. kr   |
| U-skule - Ombygging/tilbygg inkl. lokale til barneskule | 105,8        |
| Riving symjehall  | 8,2          |
| Flytting trafo  | 1,8          |
| Tomrefjord skule, rehabilitering                        | 10,0         |
| Uteområde   | 10,0         |
| Kulturskule   | 10,0         |
|   | <b>145,8</b> |

Kostnadane er oppgitt inkludert mva\*

Det er lagt til grunn kostnader på 105,8 mill., for å totalrenovere eksisterande ungdomsskule på Helland og i tillegg knyte saman bygningsmassen på Helland med eit mellombygg. Det er ikkje lagt inn kostnader til ombygging av aulaen i barneskulebygget til eit amfi. Kostnadsanslaget er henta frå Norconsult sin rapport. Det er lagt inn 10 millionar til oppgradering av trafikkkløysinga nede i Remmemsvika, og for å gjere nokre andre tiltak i det eksisterande skuleområdet. Det er lagt inn 10 millionar i kostnader for å ivareta behovet som kulturskulen har for nye lokalitetar. Det er ikkje fastlagt kva lokale dette blir. Eit alternativ som er nemnt er å bruke lokale i det som skal stå igjen av den gamle sjukeheimen.

## 5.2 Skuleutvalet si mindretalsinnstilling:

Alternativ 2 til ny skulestruktur:

- Felles ungdomsskule på Helland – nybygg
- Kulturskulen får tilbod om andre hensiktsmessige lokalar i kommunale bygg, t.d. gamle ungdomsskulen på Helland, Tresfjord skule, eller delar av den gamle sjukeheimen\*
- Framleis skuledrift ved Fiksdal oppvekstsenter og Tresfjord oppvekstsenter

| Alt 2 - mindretalsframlegg                    | Kostnad    |
|---|------------|
| Tiltak  | i mill. kr |
| Ny ungdomsskule på Helland, utan sal og scene | 127,0      |
| Riving symjehall                              | 8,2        |
| Helland barneskule, personalrom, SFO          | 10,0       |
| Tomrefjord skule, rehabilitering              | 10,0       |

|  |              |
|--|--------------|
| <b>Fiksdal skule</b>                               | <b>45,0</b>  |
| <b>Uteområde</b>                                   | <b>25,0</b>  |
| <b>Kulturskule</b>                                 | <b>10,0</b>  |
| <b>Utvendig renovering av Helland ungdomsskule</b> | <b>13,1</b>  |
|  | <b>248,3</b> |

Kostnadane er oppgitt inkludert mva\*

Kostnadene til ny ungdomsskule er henta frå konseptstudierapporten, som vart utarbeidd med tanke på å bygge ny ungdomsskule. Vi har valt å bruke alternativet utan sal og scene, då det er den beste samanlikninga med det alternativet som er skissert for renovering av eksisterande ungdomsskule. Kostnadene med renovering av Fiksdal oppvekstsenter er her tatt med, då mindretalet ikkje ønskjer å leggje ned oppvekstsentera. Det er lagt inn kostnader med renovering av fasaden på Helland ungdomsskule, då det ligg inne i berekninga knytt til fleirtalet si innstilling. Mindretalet ønskjer å nytte ungdomsskulen til lokale for kulturskulen, det er då det same behovet for å ruste fasaden. Det blir langt høgare kostnader med å opparbeide eit heilt nytt uteområde og ny trafikklysing ved ein ny ungdomsskule. Det er derfor lagt inn 25 millionar til opparbeiding av eit nytt uteområde og trafikklysing, ved ein ny ungdomsskule ovanfor idrettshallen.

### 5.3 Finanskostnader

Tabellen nedanfor viser forskjellane i finanskostnadene som følgje av investeringane i dei to alternativa til skuleutvalet. Når vi viser til alternativ 2 og 3 er dette henta frå skuleutvalet sin rapport, som skisserte 5 alternativ til ny skulestruktur.

| Alle tal i 1000 kr   | År 1          |              | År 5          |              |
|----------------------|---------------|--------------|---------------|--------------|
|                      | Alt. 2        | Alt. 3       | Alt. 2        | Alt 3.       |
| <b>Renter, 3,0 %</b> | <b>5 959</b>  | <b>3 498</b> | <b>5 172</b>  | <b>3 097</b> |
| <b>Avskrivning</b>   | <b>8 194</b>  | <b>4 811</b> | <b>7 165</b>  | <b>4 207</b> |
| <b>Sum</b>           | <b>14 153</b> | <b>8 309</b> | <b>12 337</b> | <b>7 304</b> |

Det er lagt til grunn ei rente på 3 %. Det kjem fram at det er betydeleg forskjell på dei årlege finanskostnadene mellom dei to alternativa til skuleutvalet. Det skil nesten 6 millionar mellom dei to alternativa. Forskjellen blir litt mindre etter 5 år, då er forholdet om lag 5 millionar. Det er dei totale investeringskostnadene som gjer dette.

De ser denne skilnaden mellom alternativa skissert i tabellen nedanfor.

|      | Alternativ 2 | Alternativ 3 | Diff.  |
|------|--------------|--------------|--------|
| År 1 | 14 153       | 8 309        | -5 844 |
| År 5 | 12 337       | 7 304        | -5 033 |

### 5.4 Driftskostnader

Ved å leggje ned oppvekstsentera vil kommunen spare ressursar ved at vi får færre klassar. Elevane frå oppvekstsentera vil etter kvart gå inn i allereie eksisterande klassar ved Helland skule og Tomrefjord skule, utan å føre til klassedeling og nye grupper.

Elevane ved Tresfjord oppvekstsenter vil frå skuleåret 2019/2020 kunne flyttast til Helland skule utan at dei utløyser fleire klassar enn det som normalt er ved skulen. Dette er ikkje tilfelle for Fiksdal oppvekstsenter. Ved å flytte elevane frå skuleåret 2019/2020, vil det utløyse klassesdeling på to årssteg ved Tomrefjord skule. Denne situasjonen vil vere gjeldande dei to neste skuleåra. Først skuleåret 2021/2022 vil Tomrefjord skule kunne ta mot elevar frå Fiksdal oppvekstsenter, utan at det utløyser klassesdeling. Det er altså potensiale for endå større samordning og innsparingar når vi kjem til skuleåret 2021/2022.

Ved å leggje ned begge oppvekstsentera frå skuleåret 2019/2020, er det kalkulert med ei innsparing på 2,6 millionar i 2019 og 6,2 millionar når tiltaka får heilårsverknad i 2020. Skuleåret 2021/2022 er det som nemnt tidlegare ytterlegare potensiale for innsparing, når ein kan spare inn to klasseressursar ved Tomrefjord skule.

Dersom ein vel å vente med å leggje ned Fiksdal oppvekstsenter til skuleåret 2021/2022, vil sjølvstilt innsparinga bli mindre dei to neste åra. Ved berre å leggje ned Tresfjord oppvekstsenter vil den årlege innsparinga vere om lag 3,5 – 4,0 mill., dei komande to åra.

Det er derfor større driftsutgifter i mindretalet i skuleutvalet sitt alternativ, då dei ikkje ønskjer å leggje ned Tresfjord og Fiksdal oppvekstsenter.

Då det ikkje vart gjort vedtak om strukturendringar i sak PS 21/2019 er innsparingane som er vist til i denne saka ikkje mogleg å gjennomføre. Administrasjonssjefen viser til kommuneplanen sin handlingsdel og økonomiplan for kommunestyreperioden 2020-2023 der innsparingane med å leggje ned oppvekstsentera er skissert som følgjer:

**«Grunnskule:**

- Føreset at Tresfjord skule vert lagt ned hausten 2020 og elevane flytta over til Helland skule. Elevane går inn i klassane utan at det vert ekstra klasser.
- Fiksdal skule nedlagt frå haust 2021 og elevane flytta over til Tomrefjord skule, her kan det verte ein ekstra klasse i eitt eller to år.

Dei to skulane har i dag eit nto. budsjett på ca. 11,1 mill. kr. Vi føreset ei innsparing på 9,0 mill. kr når tiltaka gjev heilårseffekt.

Sparesum er vanskeleg å anslå nøyaktig grunna endring i elevtal og klassetal. Kan og variere noko frå år til år.»

## 5.5 Samanstilling av finans og driftskostnadene

I tabellen nedanfor er forskjellane i drifts- og finanskostnadene skisserte for både mindretalet og fleirtalet i skuleutvalet sine innstillingar. Oppsummeringa syner at det er betydelege forskjellar mellom dei to alternativa.

|              | Renter og avskrivning | Innsparing drift | Kostnad |
|--------------|-----------------------|------------------|---------|
| Alternativ 2 | 14 153                | 0                | 14 153  |
| Alternativ 3 | 8 309                 | 6 200            | 2 109   |
| Skilnad      |                       |                  | 12 044  |

I oversikta er det tatt høgde for innsparingar i drifta med heilårsverknad. Alternativ 2, som er mindretalet si innstilling, er finanskostnadene større grunna behov for høgare låneopptak. Då det ikkje er gjort noko med skulestrukturen, ligg det ikkje til rette for innsparingar i drifta. Skilnaden mellom alternativa er på 12 millionar i årlege kostnader.

## 5.6 Felles ungdomsskule – økonomi

Både mindretallet og fleirtallet i skuleutvalet går for inn ein felles ungdomsskule i kommunen. Det betyr at det er ikkje er skilnad i dei to alternativa knytt til dette. Administrasjonssjefen har derfor ikkje lagt dette inn i analysen.

Norconsult skisserte innsparing frå 0-3 klasseressursar det einkilde år, samanlikna med dagens klassetal. Storleiken på årskulla er avgjerande for kor mange parallellar som må etablerast kvart skuleår. Norconsult berekna ei innsparing på om lag 2 millionar per klasse.

Tabellen nedanfor er henta frå Norconsult sin konseptstudierapport for bygging av ny ungdomsskule. Tabellen viser potensiale for innsparingar av klassar fram mot skuleåret 2029/2030.

| Tall på grupper | 16/17 | 17/18 | 18/19 | 19/20 | 20/21 | 21/22 | 22/23 | 23/24 | 24/25 | 25/26 | 26/27 | 27/28 | 28/29 | 29/30 |
|-----------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Helland         | 7     | 7     | 6     | 6     | 6     | 6     | 6     | 6     | 6     | 7     | 7     | 7     | 6     | 6     |
| Tomrefjord      | 4     | 5     | 5     | 4     | 4     | 5     | 5     | 4     | 3     | 3     | 3     | 3     | 3     | 3     |
| To skoler       | 11    | 12    | 11    | 10    | 10    | 11    | 11    | 10    | 9     | 10    | 10    | 10    | 9     | 9     |
| Samlet u-trinn  | 9     | 9     | 9     | 9     | 9     | 9     | 9     | 9     | 9     | 8     | 7     | 8     | 8     | 9     |
| Innsparing      | 2     | 3     | 2     | 1     | 1     | 2     | 2     | 1     | 0     | 2     | 3     | 2     | 1     | 0     |

## 6.0 Administrasjonssjefen si tilråding med framdriftsplan

| Des. 2019   | Våren 2020  | Hausten 2020  | Hausten 2020/Vår 2021  | Hausten 2021   | Haust 2022  |
|---|---|---|--|--|---|
| Kommunestyret vedtek struktur, alternativ for felles u-skule og lokale for Kulturskolen | <p><b>Januar:</b><br/>Anskaffing av konsulent til forprosjekt.</p> <p><b>Feb.-mai</b><br/>Samarbeid med tilsette/fagforeining – utarbeiding av behovsanalyse<br/>Utarbeiding av forprosjekt og anbudsok.</p> <p><b>Juni:</b><br/>Prosjektet ut på anbod</p> | <p>U-stegselevane ved Helland flyttar til Tresfjord oppv. og elevane i Tresfjord blir flytta til Helland skule.</p> <p>Kulturskolen nyttar 2. etg på Helland u-skule.</p> | <p><b>Oktober 2020:</b><br/>Val av entreprenør til samspelfase</p> <p><b>Okt. 2020-jan. 2021</b><br/>Samspelfase med entreprenør</p> <p><b>Februar 2021</b><br/>Endeleg godkjenning av prosjektet<br/>Endeleg val av entreprenør</p> <p><b>April/mai 2021</b><br/>Byggjstart</p> | <p>Elevane ved Fiksdal oppvekstsenter flyttar til Tomrefjord skule.</p> <p>I løpet av hausten:<br/>Kulturskolen flyttar til nye lokale i «restdelen» av sjukeheimen.</p> | <p><b>August</b><br/>Innflytting felles u-skule på Helland. (Evt. 1.1.2023)</p> <p>Renoveringa av Tomrefjord skule tek til.</p> |

## 7.0 Vurdering:

Som følgje av elevtalsutviklinga og store endringar i befolkningsamansetjinga har det i lang tid vore arbeid med skulestrukturen og utviklinga av skulebygga i Vestnes. Det har dei siste 10 åra vore nedsett heile 3 politisk samansette utval for å arbeide med spørsmålet. Så langt har ikkje arbeidet i desse utvala ført til vedtak som gjer at ein har kome i gong med utbygging/renovering av skulebygga i kommunen. Som følgje av dette har mange av elevane i Vestnes si opplæring i gamle og utrangerte skulebygg. Det er viktig for elevane sitt opplæringsmiljø og tilsette sitt arbeidsmiljø at det no blir sett i gong tiltak for å utbetre skulebygga i kommunen. Dette er òg naudsynte og viktige tiltak for å rekruttere og behalde undervisningspersonell i kommunen

Det må etablerast ein berekraftig skulestruktur som er tilpassa elevtalet og dei statlege overføringane som Vestnes kommune får til barn og unge.



## 7.1 Felles ungdomsskule

Administrasjonssjefen ser alternativet med å bruke den eksisterande ungdomsskulen på Helland, til framtidig felles ungdomsskule, som ei god løysing. Det viser seg at bygget har gode kvalitetar og ved å fullrenovere bygget og bygge det om, vil ein oppnå mange av dei same kvalitetane som var planlagt i konseptstudiet for ein ny ungdomsskule. Konseptstudierapporten for ny ungdomsskule vart brukt som grunnlag for skissene som er utarbeidd for bruk av eksisterande ungdomsskule. Det betyr at det pedagogiske grunnlaget og vurderingane som låg til grunn i konseptstudie for ny ungdomsskule, er tatt med inn i planane for å bruke eksisterande ungdomsskule. Eit døme er organiseringa av trinnareal. Desse tankane er vidareført i planane/skissa for å byggje om ungdomsskulebygget på Helland.

Administrasjonssjefen ser at dette alternativet kan løyse behovet for areal som i dag manglar på barneskulen på Helland. Eit mellombygg som knyter bygga saman, er tenkt å innehalde fasilitetar som kan nyttast felles. Spesielt ser ein at det er viktig å få på plass ei kantine og kjøkkenløysing, som kan nyttast på tvers av årsstega. Det er då mogleg å servere mat både for ungdomsskule- og barneskuleelevane, om det skulle kome krav om dette. Det er òg tenkt etablert eit personalrom som vil vere lett tilgjengeleg for lærarar både på ungdomssteget og barnesteget. Dette vil bety mykje for arbeidsmiljøet for lærarane på barnesteget, som i dag ikkje har pause-/personalrom. Barneskulen har òg behov for meir møte- og grupperom, noko som bør takast omsyn til i dei vidare planane.

**Det er viktig å understreke at skulane skal ha eigne administrasjonar og såleis er eigne sjølvstendige einingar.**

Særutskrift til: